



Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

18 MAR 2014

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Kristian Bauge - 55516337

Vår referanse:
2011/049606-078

Dykkar referanse:

Vår dato:
14.03.2014

Søknad til Hordaland fylkeskommune om utviding av innkrevjingsperioden på E39 Halhjem - Sandvikvåg.

I 2012 vedtok Stortinget å forlenge innkrevjinga av bompengar på ferjesambandet E39 Halhjem- Sandvikvåg med 2 år, til ut 2014. Jf. i Prop. 149 S (2011-2012). Midlane skulle gå til å delfinansiere opprusting av fv 545 i kommunane Fitjar og Stord.

Målet for opprustinga var å utbetre vegen slik at den kunne egne seg til omkjøringsveg når E39 mellom Sandvikvåg og Stord var stengd. Kostnadene med å utvide vegen viser seg å bli høgare enn føresett, slik at færre tiltak blir gjennomførte. Det har også vist seg at det ikkje er tilrådeleg å utbetre Sagvåg bru slik ein såg for seg i Prop. 149 S (2011-2012).

Etter initiativ frå Stord kommune er det utarbeidd ein ny søknad om å utvide bompengeperioden med ytterligere 2 år til 31.12.2016. Søknaden er utarbeidd i samarbeid mellom Stord og Fitjar kommunar og Statens vegvesen.

I høve til Prop. 149 S (2011-2012) har no Statens vegvesen tilrådd ei standardheving, både på strekninga Rimbareid-Vik og for strekninga over kommunegrensa der det er planlagt gul midtstripe på heile den aktuelle strekninga. Noko som har medført ein kostnadsauke for pakken.

Bompengopplegget på stamvegnettet (TERN) er underlagt Eurovignett direktivet. Ved utviding av innkrevjingsperioden blir direktivet retningsgivande for korleis takst og rabattsystemet på dette ferjesambandet kan utformast. Det medfører at det ikkje lengre vert gitt rabatt på bompengar på ferjer. For å oppretthalde dagens nivå på bompengeinntektene er det foreslått at bompengepåslaget frå 1. januar 2015 vert redusert frå fem til tre takstsoner. Reduksjonen medfører ein reduksjon frå kr 29 til kr 17 i bompengar for lette kjøretøy.

Søknaden vart sendt til lokalpolitisk handsaming i kommunane Fitjar, Stord og Os 13.01.14. Os kommunestyre handsama saka i kommunestyremøte 28.01.14 og gjorde følgjande vedtak:

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 Fyllingsdalen

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

«Os kommunestyre har 28.januar 2014 handsama høyringssak kring søknad om utviding av perioden for bompengeneinnkrevjing på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg i ytterligare to år, fram til 1. januar 2017.

For Os kommune er E39 fyrst og fremst viktig som stamveg Bergen – Stavanger, og sjølv om kommunen har forståing for nokre av argumenta for utviding av perioden finn ein det likevel rett å avslutte innkrevinga i tråd med fastsett tidspunkt 31.12.2014. I denne samanheng vil Os kommune gjere merksam på at innkrevjingsperioden allereie har vore utvida to gonger i høve til opprinneleg plan.»

Stord kommunestyre handsama saka i kommunestyremøte 13.02.14 og fatta følgjande vedtak: «Stord kommunestyre støttar søknad om utviding av bompengeperioden for E39 Halhjem – Sandvikvåg til 1. januar 2017.»

Fitjar kommunestyre handsama saka i kommunestyremøte 19.02.14 og fatta følgjande vedtak: «Fitjar kommune stør søknaden om utviding av bompengeperioden for E39 Halhjem-Sandvikvåg for perioden 1. januar 2015 til 1. januar 2017. Kommunestyret har ikkje merknader til at bompengepåslaget på taksten vert redusert frå 5 til 3 takstsonar frå 1. januar 2015.»

Statens vegvesen Region vest vil tilrå at Hordaland fylkeskommune slutter seg til søknaden frå Stord og Fitjar kommune om utviding av innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem – Sandvikvåg med to år til 1. januar 2017 der ein som følge av Eurovignettdirektivet reduserer bompengepåslaget frå 5 til 3 takstsonar frå 1. januar 2015.

Etter fylkeskommunal handsaming går saken vidare til Vegdirektoratet som utarbeider utkast til Stortinget for vidare sakshandsaming.

Statens vegvesen Region vest

Med helsing


Helge Eidsnes
Regionvegsjef

Paal Fosdal

4 vedlegg